



Hammar-Kameratane AS
Hella 60
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13269 - 20/63061

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
07.10.2020

Uttale vedkomande endring av grenser/makebyte av areal - gbnr 425/9, 13, 50 og 52 Haugland

Syner til motteken epost gjeldane utale kring rydding i grenser for landbrukseigedom gbnr 425/9,13 på Haugland. Me årsakar sein tilbakemelding.

Når det gjeld søknad om arealoverføring av dei 2 største delane av frå bnr.9,13 vil ein først gjera ei vurdering av dette når det føreligg ein søknad. Det kan godt vere at eit makebyte av arealet i trekanten mellom Listveitvegen og 425/52 og det 425/52 må gje frå seg vil vera fornufftig ut frå ei vekting av fordelar og ulemper mtp. å driva jorda maskinelt. Frådeling av teigen nord for Listveitvegen vil vera meir usikkert om ein vil få løyve til.

Dei andre «justeringane» av grensene vil ein antakeleg få løyve til.

Ein kan søkje om alt samla. Det er då viktig å få klart fram kva sluttresultat ein ønskjer å oppnå. Ein må også søkja om dispensasjon frå arealformålet i kommunedelplan for Radøy.

Det vil vera ein fordel å få retta opp grensene som ligg i matrikkelen til å samsvare best mogleg med dei reelle grensene før ein søkjer om deling. Dette kan ein gjere ved å krevje retting av feil i matrikkelen. Bruk vedlagte skjema. Skyldelingane vil vera god dokumentasjon på kva som er rett.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Krav+om+retting+av+feil+og+mangler+i+matrikkelen

Mottakarar:

Hammar-Kameratane AS

Hella 60

5936

MANGER